



BERGEN
KOMMUNE

HANDLINGSPLAN FOR BARNEVERN

Strategi for oppvekst, Se meg, hør oss! Handlingsplan for tjenester til barn, unge og deres familier og Handlingsplan for barnevernet

Bergen bystyre behandlet saken i møtet 18.10.2023 sak 353/23 og fattet følgende vedtak:

1. Bystyret vedtar *Strategi for oppvekst*.
Strategien rulleres etter 10 år, midtveisevaluering etter 5 år.
2. Bystyret vedtar *Se meg, hør oss! Handlingsplan for tjenester til barn, unge og deres familier*.
Handlingsplanen rulleres etter 4 år, midtveisevaluering etter 2 år.
3. Bystyret vedtar *Handlingsplan for barnevernet*
Handlingsplanen rulleres etter 4 år, midtveisevaluering etter 2 år.
4. Planene danner grunnlag for prioritering av kommunens innsats for tverrfaglige tjenester for barn, unge og deres familier. Tiltak som krever økt finansiering, må vurderes i forbindelse med rullering av handlings- og økonomiplan eller søkes eksternt finansiert.
5. Det er viktig at rapportering av status på planene fokuserer på hvordan dreie innsatsen, herunder økt tidlig innsats, helsefremmende og forebyggende arbeid for barn og unge.
6. Uttalelsen fra ruspolitisk råd tas med i det videre arbeidet.

Merknad 1

Bystyret ber byrådet rapportere på kvalitetsmålene i den årlige kvalitetsmeldingen.

Merknad 2

Mange som går ut av barnevernets omsorg opplever brått å stå alene i overgangen til «voksen-verden» i en alder av 18 år. Strategien og handlingsplanen definerer ungdom opp til midten av 20-årene. Derfor er det naturlig at kommunen kan tilby de som ønsker det oppfølging også etter fylte 18 år. Bystyret ber byrådet sikre at kommunen tilbyr gode tiltak som kan legge til rette for at denne gruppen får en enklere og bedre overgang, og at det informeres godt om tilbudet.

Merknad 3

De viktige tiltakene i handlingsplanene må følges opp i budsjettvedtakene.

Merknad 4

Bystyret ber byrådet tilstrebe bred forankring av strategien og handlingsplanene. Det bør inngås konkrete samarbeidsavtaler med relevante interne og eksterne aktører for å sikre effektivt samarbeid for en sømløs overgang mellom ulike tjenester for barn i byen vår.

Merknad 5

Bystyret ber byrådet tidfeste de ulike tiltakene i handlingsplanen ved neste rullering for å bedre kunne vurdere fremdriften.



Foto: Andrew M.S. Buller

Forord

Barnevernet er barn og unge sitt tryggleiksnett når livet heime er vanskeleg. Om lag 2000 barn får hjelp og støtte frå barnevernet i Bergen kvart år. Eit godt barnevern er ei av samfunnet sine viktigaste oppgåver. Det er også ei av dei mest komplekse saksområda.

Barn og unge som får hjelp frå barnevernet har belastningar i livet som dei fleste andre barn ikkje har, og ofte har dei forskjellige belastningar samtidig. Dette skapar risiko for barn og unge si helse og utvikling.

For å kunne gje alle barn eit godt utgangspunkt for gode liv, må vi først og fremst sikre at barn og unge som treng hjelp kjem i kontakt med hjelpeapparatet og barnevernet. Difor er det viktig med informasjon, tilgjenge og nærvær for å skape tillit. For det andre må vi sikre at

barnevernet står klar med god kompetanse og eit hjelpetilbod som bidrar til at barn og unge får eit godt liv her og no, og som vaksne.

Byrådet legg fram ein Strategi for oppvekst og to handlingsplanar som skal bidra til at barn og unge i Bergen kan møte vaksenlivet med moglegheiter. Vi legg desse planane fram med ei erkjenning av at vi ikkje har meistra å vere gode nok. Over tid har det vore levert rapportar og gjennomført tilsyn og revisjonar som syner at kvaliteten i barnevernet ikkje har vore slik som vi ynskjer. Det har vore avdekkja alvorlege feil i enkeltsaker som har hatt store konsekvensar for barna våre. Det har svekka tilliten til barneverntenesta og påverka dei tilsette i tenesta. Det kan vi ikkje leve med.

Byrådet har tatt tak i dette ved å setje i gang eit intensivt forbetningsarbeid i barnevernet. Det er sett i gang tiltak retta mot identifiserte manglar og utfordringar tenesta står ovanfor. Tenesta arbeider målretta for å innføre og implementere felles praksis, rekruttere og behalde tilsette og styrkje forutsetningane for god leiing. Vi har i tillegg oppretta eit byomfattande meldingsmottak, og arbeida systematisk med HMS i tenesta.

Denne handlingsplanen bygger på ein grunnmur som vert styrka gjennom det pågåande forbetningsarbeidet. Grunnmuren skal sikre at fundamentet vårt er stødig, og at tenestene vi leverer er forsvarlege og kunnskapsbaserte. Det er samtidig viktig å sjå framover.

Barnevernreform og ny barnevernlov krev at vi jobbar på ein annan måte enn før. Fleire barn og unge skal få tidlegare hjelp og ofte utanfor barnevernet, og fleire barn og unge skal få moglegheit til å bu heime. For å klare dette, må tenestene spele på lag og dele sin kompetanse. Det gjeld også informasjon om barnet dersom det er til barnets beste. Vi må ha tilgjengeleg tiltak og tilbod som kan gje målretta og verksam hjelp, tilpassa det einskilte barn.

Arbeidet med å utvikle barneverntenesta må gjerast med openheit. Vi vil vera opne med det vi prøver ut, korleis vi gjer det og korleis det fungerer. Vi ynskjer ei tilgjengeleg barnevernteneste, der befolkninga kan vere trygge på kva dei møter om barnevernet tek kontakt. Gjennom openheit kan vi styrke tilliten til tenesta som skal vere der for dei utsette barna som treng den. Det er avgjerande etter ein periode der offentlegheita sin tillit har vore svekka.

Barnevernet er, og vil nok alltid vere, noko av det mest komplekse tenesteområdet ein kommune har ansvar for. Ein kompleksitet som vi må belyse og ta på alvor. Vi vil med denne handlingsplanen vise ei ønska utvikling for barnevernet vårt, og korleis vi vil at barnevernet skal jobbe for å vere ein god lagspelar for barna våre, deira føresette og dei andre kommunale tenestene våre. Saman vert vi gode.

Line Berggreen Jacobsen
Byråd for barnevern og sosiale tjenester

Innhald

Samandrag	4
1. Innleiing	5
1.1 Oppbygging av handlingsplanen	8
2. Utfordringsbilete	10
3. Godt barnevern	13
3.1 Barnevernet sitt mandat og verdigrunnlag	14
3.2 Kvalitetsindikatorar på god barnevernfagleg praksis	15
4.0 Tiltak	20
4.1 Felles tiltak med handlingsplan for tenester til barn, unge og deira familiar	26
4.2 Oversikt over tiltak – kostnader og ansvar – handlingsplan for barnevernet	28
5. Litteraturliste	30

Samandrag

Handlingsplan for barnevernet skal saman med *Handlingsplan for tenester til barn, unge og deira familiar «Se meg, hør oss!»* bidra til at kommunen når mål i *Strategi for oppvekst* og ivareta intensjonen i barnevernreforma om å gje barn og unge rett hjelp til rett tid.

Barnevernet er ein del av kommunen sine oppveksttenester og inngår dermed i handlingsplan for tenester til barn og unge. Samstundes er det dokumentert eit ekstra utviklingsbehov for barnevernet. Mange av dei dokumenterte utfordringane frå forvaltningsrevisjonar, tilsyn og enkeltsaker vert adressert i forbetringsarbeidet som vart iverksett vinteren 2022/2023. Handlingsplanen foreslår tiltak utover tiltaka som er iverksett i dette arbeidet.

Barnevernet er i stor utvikling nasjonalt og lokalt, og det kjem stadig nye føringar og anbefalingar for god praksis. Barnevernet skal meistre det å vere både spesialistar som gjev kunnskapsbasert og treffsikker hjelp, og samstundes vere ein del av det førebyggjande arbeidet i kommunen. Tilsette skal ha gode rammer for fagutøving og ha kapasitet til å utøve godt barnevernfagleg arbeid. Barnevernet må vere gode isolert sett, men må også vere gode i samarbeid med dei andre tenestene for både barn, unge og deira føresette. Dette krev godt tverrfagleg samarbeid og gode strukturar.

Barn og unge som får tiltak frå barnevernet har ofte samansette utfordringar som krev god samordning både internt i kommunen og mellom kommunalt og statleg barnevern og spesialisthelsetenestene. Det er viktig å finne gode løysingar saman for å betre tilbodet til barna.

Barnevernet har eit særskilt samfunnsmandat som fører til strenge krav for forsvarleg praksis. Handlingsplan for barnevernet er strukturert rundt dei internasjonale og nasjonale kvalitetsmåla for god praksis. Desse er:

- Barn og familiar skal få hjelp som verkar
- Barn og familiar skal møte trygge tenester
- Barn og familiar skal bli involvert og ha innflyting
- Barn og familiar skal møte tenester som er samordna og prega av kontinuitet
- Barnevernet sine ressursar skal utnyttast godt
- Barnevernet skal syte for likeverdige tenester

Som barn eller føresett skal ein vere trygg på at hjelpa ein får er rett, at alle rettigheter er ivaretatt og at hjelpa verkar. Barn, unge og føresette som får tiltak frå barnevernet har ofte samansette utfordringar. Barnevernet må ha tilgjengelege tiltak og arbeidsmetodar som bidreg til å hjelpe familiane.

Handlingsplanen inneheld 15 tiltak for å gjennomføre barnevernet sitt spesifikke bidrag til strategi for oppvekst.



1. INNLEIING

1. INNLEIING

Bergen kommune har valt å møte krav og føringar på oppvekstfeltet ved å utarbeide ein *Strategi for oppvekst*. Strategien gjev overordna føringar for oppveksten i Bergen, inkludert barnevernet. Strategien famnar breitt, slik at framtidige handlingsplanar på oppvekstfeltet kan forankrast i den og sikre heilskap og retning for kommunen sine innbyggjarar.

Strategi for oppvekst har som overordna føremål å sikre ein samordna innsats på tvers av kommunen sine oppveksttenester. Dette svarar ut kommuneplanens samfunnsdel om at barn og unge skal ha ein trygg og god oppvekst, få realisert evnene sine fullt ut og ha kontroll over liva sine (1).

Strategi for oppvekst avløyser *Bergens barn – byens fremtid* (2) og skal, i tillegg til områda som var omtala der omfatte andre viktige tenester som barnehage, skule, fritidsfeltet og andre hjelpetenester.

Strategien gjeld dei som jobbar for og med barn, unge og deira familiar i heile kommunen. Den kan også få betydning for kommunen sitt samarbeid med aktørar som får kommunale midler for å gje slike tenester og tilbod.

Strategien konkretiserast gjennom handlingsplanar og anna utviklingsarbeid. Både strategien og handlingsplanane må sjåast i samanheng med andre satsingar, tiltak og utviklingsarbeid som er vedteke i planar på dei forskjellige tenestedområda for barn, unge og deira familiar i Bergen.

Ein strategi skal ikkje ha tiltak, men omtale kva satsingar som prioriterast dei nærmaste åra for å nå valt visjon og prioriterte mål. Måla er utarbeida på bakgrunn av identifisert utfordringsbilete.

Strategien har fylgjande mål:

- Mål 1: Barn og unge opplev inkludering, trivsel og meistring i oppveksten
- Mål 2: Barn, unge og familiar får hjelp som nyttar – når dei treng det
- Mål 3: Laget rundt barn, unge og deira familiar er styrka
- Mål 4: Laget rundt barn, unge og deira familiar tek utgangspunkt i felles kunnskapsgrunnlag for oppveksten når satsingsområde skal prioriterast

Tiltaka i *Handlingsplan for barnevern og i Se meg, hør oss! Handlingsplan for tenester til barn, unge og deira familiar* skal bidra til at kommunen når mål i strategien og intensjonen i barnevernreforma om å gje barn og unge rett hjelp til rett tid (3). Handlingsplanen «*Se meg, hør oss!*» svarar også ut § 15-1 i barnevernlova om ein plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar og samordning av tenestetilbodet (4).

Barnevernet er ein del av kommunen sine oppveksttenester og er inkludert i «*Se meg, hør oss!*» og tiltak som er presentert der. Samstundes er det dokumentert eit ekstra utviklingsbehov for barnevernet som er årsak til ein eigen handlingsplan for denne tenesta. Rapportar, revisjonar og alvorlege feil i enkeltsaker førte hausten 2022 til eit presserande behov for å iverksette tiltak på både kort og lang sikt. Alvoret i enkeltsaker og avdekking av risikoområder i barnevernet førte til at det vart sett krisestab og iverksett strakstiltak. Mellom anna vart det oppretta eit byomfattande meldingsmottak og vedtatt «*ansattpakke*» for å legge til rette for å halde på tilsette og få ned turn-over. I tillegg vart det iverksett eit intensivt forbetningsarbeid vinteren 2023 i barnevernet for å utvikle både kortsiktige og langsiktige tiltak for identifiserte risikoområder og utfordringar. Arbeidet er omfattande, og deltakarar frå

1. INNLEIING

både teneste, etat, tillitsvalde og verneombod er organisert i fire arbeidsgrupper. Desse gruppene er organisert etter hovudtema. Grupper med hovudmål er lagt ved under:

- Rekruttere og halde på tilsette, for å sikre tilgang på medarbeidarar tilpassa tenesta sitt behov
- Kvalitet og internkontroll, for å kunne gi tenester i tråd med gjeldande lovverk
- Helse, miljø og sikkerheit (HMS,) for å sikre at alle tilsette har eit forsvarleg og godt arbeidsmiljø
- Leiing og verksemdstyring, for å styrke leiarane si kompetanse for å leie ei teneste i endring

Dette arbeidet skal betre tenesta, og arbeidet vil halde fram over tid. Til dømes er det gjort justeringar i mentorordning og kompetanseplanar for nytilsette. Det er gjort endringar i ei rekkje sentrale rutiner, prosedyrer og malar, og det er etablert eit permanent meldingsmottak. Summen av forbetningsarbeidet skal sikre at tenestene har gode nok strukturar og rammer for å førebygge svikt, sikre forsvarlege tenester og sjå på grep for å rekruttere nye og halde på erfarne tilsette (5). Med utgangspunkt i dette arbeidet har Etat for barn og familie utarbeida ein tiltaksplan som oppdaterast to gongar i året for å iverksette dei tiltaka som blei bestemt for kvart av dei fire områda. Handlingsplan for barnevernet bygger på dette arbeidet og har fokus på dei meir langsiktige utviklingsbehova, og skal sjåast i samanheng med utviklingsarbeidet.

I tillegg til forbetningsarbeidet, er det fleire pågåande prosjekt i barnevernet som saman med nasjonale føringar krev omstilling og ekstra innsats. Barneverntenesta held til dømes på med å implementere det nye digitale kvalitetssystemet DigiBarnevern.

Tiltak som blir føreslått i denne handlingsplanen handlar om barnevernet isolert sett, men må samstundes sjåast i samanheng med handlingsplanen «*Se meg, hør oss!*». Fleire barn og unge skal få hjelp utanfor barnevernet, samstundes som barnevernet og må vere ein aktør på arenaer der dei ikkje jobbar med enkeltsaker etter vedtak. Kompetansen barnevernet deler med samarbeidspartane skal bidra til å avdekke vald, overgrep og omsorgssvikt på eit tidleg tidspunkt og bidra til at barn, unge og foreldre får hjelp på eit tidlegare tidspunkt.

Det er foreldre eller andre føresette som har hovudansvar for barnet sin oppvekst og omsorg. Det er likevel eit samfunnsansvar å legge til rette for gode rammer for oppvekst og utvikling hjå barnet. Barneverntenesta har ansvar for å avdekke omsorgssvikt og iverksette tiltak når levevilkåra gjev sosiale og emosjonelle problem hos barn. Barnevernet er vårt tryggleiksnett når barn, unge og familiane deira treng hjelp og støtte som mest.

Medverknad

Handlingsplanen er utarbeidd i perioden januar-september 2023 av Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tenester. Arbeidsgruppa som har bidratt i utvikling av plan og tiltak var med representantar frå ulike barnevernkontor, Etat for barn og familie og frå Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tenester. Det har vore gjennomført innspelsmøte med FoU-miljø. Kommunalt råd for personar med funksjonsnedsettingar og Ungdomsrådet har vore orientert under planutarbeidinga. Utekontakten har arrangert innspelsaktivitetar med barn og unge knytt til kvalitetsmåla for godt barnevern. Planen byggjer på kunnskap frå barn, unge og føresette gjennom nasjonale og lokale rapportar og kartleggingar som er utført i ulike kontekstar både nasjonalt og lokalt over dei siste åra.

1. INNLEIING

Avgrensingar

Handlingsplanen omtalar barn, unge og føresette i barnevernet uavhengig av deira funksjonsnivå, utfordringsbilete og om dei bur heime eller i ein annan omsorgsbasis. Ulike barn har ulike behov, og dette krev ulike kompetanse, kunnskap og tiltak hos barnevernet og tenestene rundt. Fleire av barna som barnevernet følgjer opp har rett til andre lovverk, og nokre av barna er i større risiko for å få ein utfordrande livssituasjon grunna deira medfødde eller erverva vanskar. Kommunen har eit viktig oppdrag i å sikre at familiar som har ulike utfordringar får hjelp på ein måte som legg til rette for at barn og unge kan vekse opp med sine foreldre og samtidig ha ei god utvikling.

Kultur, friidrett og fritid er viktige arenaer for alle barn, og spesielt viktig for barn som har utfordringar i livssituasjonen sin. Handlingsplanen har ikkje konkrete tiltak knytt til dette, men legg til grunn at barnevernet gjennom sin kompetanse og tiltak vektlegg også fritid i val av hjelp for kvart einskilde barn.

Frå 2022 vart det lovfesta eit kompetansekrav for tilsette i barnevernet¹. Dette kravet er ikkje omtala i planen. Etat for barn og familie har i sin strategiske kompetanseplan for 2022-2024 omtala kravet med tilhøyrande innsatsområde for å legge til rette for masterutdanning og kompetanseheevande tiltak i tråd med tenesta sitt behov. Lokale kompetanseplanar for tilsette skal gjenspegle den overordna strategiske kompetanseplanen.

Handlingsplan for barnevernet tek utgangspunkt i eit *avgrensa utfordringsbilete*. Dette er fordi mykje av dokumenterte utfordringar i barnevernet i Bergen er handtert gjennom andre prosessar i tenesta, mellom anna det iverksette forbetringsarbeidet som vart iverksett vinter/vår 2023. Handlingsplanen omhandlar utfordringar som krev langsiktige prosessar utanom det som allereie er iverksett i tenesta.

1.1 Oppbygging av handlingsplanen

Handlingsplan for barnevernet er organisert slik at ein etter innleiinga presenterer kva utfordringsbilete barnevernet står i. Utfordringsbiletet bygger på dei overordna utfordringane Strategi for oppvekst syner til, som at hjelpa ikkje alltid er tilpassa og samordna, den kjem for seint, som igjen kan medføre store konsekvensar som fylgje av at barn og unge fell frå i skulen.

Hovuddelen av planen gjer greie for barnevernet sitt mandat og verdigrunnlag, og kva som må vere til stades for å nå måla om eit godt og forsvarleg barnevern, inndelt etter kvalitetsmåla² som Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) tilrår. Føremålet med inndelinga er å klargjere kva som trengs i tenestene for å fylgje dei statlege føringane. Tiltaka er utarbeidd ut frå gjeldande utfordringsbilete, dei nemnde kvalitetsmåla og *Strategi for oppvekst*. Etter presentasjon av tiltaka i denne handlingsplanen, kjem ei oversikt over tiltak frå «*Se meg, hør oss!*», som også gjeld for barnevernet. Avslutningsvis kjem oversikt over økonomiske konsekvensar og litteraturliste.

Handlingsplan for barnevernet peikar framover. Byrådet leverer årleg ei kvalitetsmelding om barnevernet til bystyret. Dei komande åra vil byrådet inkludere omtale av barnevernet knytt til kvalitetsmåla, tillegg til anbefalte tema ei kvalitetsmelding bør omhandle. Slik er det eit ynskje

¹ <https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97/§15-6>

² [Kvalitetskriterier som stammar frå WHO og Helsedirektoratet](#)

1. INNLEIING

å gje bystyret og innbyggjarane ei betre innsikt i barneverntenesta sitt arbeid, og bidra til større openheit og tiltru til barnevernet.



2. UTFORDRINGSBILETE

2. UTFORDRINGSBILETE

Tilsyn frå Statsforvaltaren, forvaltningsrevisjonar og rapport frå Fjeld-utvalet har identifisert fleire risikoområde i barneverntenestene (6,7). Nokre av desse går like i kjerna av rettstryggleik, som manglande dokumentasjon, manglande samarbeid med familiar og manglande medverknad frå barna. Alvorlege avvik i enkeltsaker førte hausten 2022 til eit presserande behov for å iverksette tiltak på både kort og lang sikt. Alvoret i desse sakene, samt avdekkinga av risikoområder i barnevernet, førte til at det vart sett krisestab og iverksett både strakstiltak og eit intensivt forbetringsarbeid i barnevernet vinteren 2023. Strakstiltaka og forbetringsarbeidet er beskrive i meir detalj i kapittel 1.1. Innleiing.

Ei hovudutfordring er at hjelpa barn, unge og føresette treng ofte ikkje er tilpassa og samordna, og den kjem for seint. Barn og unge har ikkje i tilstrekkeleg grad fått medverke i eiga sak. Familiar og tilsette kan oppleve at ansvar vert skyvd på mellom tenester. Ofte kan manglande samarbeid også føre til at hjelpebehov ikkje oppdagast tidleg nok, slik at barn og unge dermed ikkje får den hjelpa dei har behov for. Den nyleg innførte barnevernreforma gjev mellom anna barneverntenesta ei auka plikt til å arbeide tettare saman med andre tenester for barn og unge.

Den nye barnevernlova med tilhøyrande forskrifter som tok til å gjelde 1.1.2023 skal bidra til eit tryggare barnevern og betre føresetnader for tilsette til å gjere gode barnevernfaglege vurderingar. Samstundes legg dei nye føringane opp til at barnevernet må arbeide på til dels nye måtar for å nå mål og intensjonar i regelverket. Til dømes må barnevernet utvikle tilbodet for å førebygge at barn og unge må bu utanfor heimen. Eit anna døme er implementering av nasjonalt forløp for kartlegging og utgreiing av psykisk, somatisk, seksuell helse, rus og tannhelse (8). Forløpet handlar om korleis barneverntenesta og helsetenestene kan samarbeide for å gje barn og unge eit godt og heilskapleg tenestetilbod. Målet er at barn i barnevernet blir utgreia slik at dei får naudsynt helsehjelp. Når kravet om rett hjelp og samordning aukar gjer dette at barnevernet må vere aktive i å heve kompetansen, og sjå på korleis arbeidet best kan organiserast for å gje den hjelpa som er forventa at barnevernet skal tilby. Det er også eit viktig premiss at alle, det vil seie skular og barnehagar saman med aktuelle hjelpetenester; som Barne og familiehjelpen, Familiesentra, Pedagogisk psykologisk teneste (PPT), Barne- og ungdomspsykiatri (BUP) med fleire bidrar når eit barn treng hjelp. Barnevernet kan ikkje løyse barn og unge sine utfordringar åleine.

Barn, unge og føresette som får tiltak frå barnevernet har ofte samansette utfordringar som andre tenester i kommunen anten ikkje har tilstrekkeleg hjelpetilbod for - eller mandat til - å hjelpe dei med. Komplekse utfordringar og krav i lovverket om forsvarleg hjelp krev at barnevernet har tilgjengeleg både kompetanse og tiltak som er riktig for målgruppa. Barnevernreforma legg føringar for at fleire barn og unge skal få hjelp som førebygger omsorgsplasseringar. Sjølv om Bergen kommune over tid har bygd opp mange hjelpetiltak, både lågterskel og for større problematikk, er det eit behov for å utvikle både tiltaka og arbeidsmetodane vidare. Både lokale og nasjonale utfordringar og føringar tilseier at barnevernet bør bli meir spesialisert for å imøtekome behovet barn og familiar har, både når det gjeld kompetanse og tiltak. Samstundes er det viktig å arbeide meir saman med alle andre som gjev spesialiserte og førebyggjande tenester, og vera meir på dei andre sin arena. Tilsette skal auke sin kompetanse for å løyse slike krav, og til same tid skal dei bli meir effektive og attraktive for å behalde og trekkje til seg nye tilsette. Det er viktige og høge ambisjonar.

For å lukkast må leiarar og tilsette ha rammer og strukturar for tenesteutøving, og utfordringar knytt til stabilitet i arbeidsstokken må løysast. Turn-over og fråvær i stillingar er

2. UTFORDRINGSBILETE

eit vedvarande problem og ei nasjonal utfordring, og dette utgjør ein risiko for kravet om forsvarleg oppfølging av barn og familiar i tråd med lovkrav (9). Dette er velkjent frå Bergen. I den lokale barneverntenesta slutta ein av fem medarbeidarar i 2022 (10). Kompetansesvinn og arbeidsbelasting når kontoret har vakansar er krevjande. Det har vore ein stor vilje – og evne - hjå dei tilsette til å levere tenester, sjølv under krevjande forhold. I barnevernarbeid kan ikkje saker vente, og tilsette må handtere barn og familiar med til dels samansette vanskar samstundes som dei bidrar til kompetanse- og tenesteforbetring. Det krev kloke grep og god leiing for å meistre balansen mellom kvalitetshevande arbeid og forsvarleg drift.

Barnevernet er både ei kommunal og ei statleg teneste. Staten ved Bufetat skal levere spesialiserte tenester til kommunen, som til dømes forsterka fosterheimar, institusjonsplassar, barn- og foreldresenter og spesialiserte hjelpetiltak. Sjølv om barn og unge får tiltak frå Bufetat er dei framleis kommunen sitt ansvar. Bufetat sitt tilbod har vorte nedbygd. Bufetat har utfordringar med å oppfylle bistandsplikta³ si, noko som betyr at enkelte barn og unge som treng eit tilbod ikkje får det. I tillegg er det ei utfordring at det i nokre tilfelle vert gitt tilbod frå Bufetat som kommunen ikkje kan ta i mot etter ei fagleg vurdering. Dette fører til kapasitetsutfordringar i barnevernet, og faglege dilemma. Sårbare barn med rus- og psykiske helseutfordringar har også eit manglande tilbod. Dette er ei nasjonal utfordring, som også merkast i Bergen. Samarbeidspartane kring barna det gjeld treng å finne ei betre samarbeidsform som fungerer for å støtte opp under desse barna og deira føresette. Å lukkast med dette er kritisk for å kunne oppnå måla om forsvarleg og rett hjelp til rett tid, nærast mogleg heimen.

I tillegg til pågåande forbetningsarbeid er det i Etat for barn og familie fleire store arbeid som vil krevje prioritering i tillegg til tiltaka i denne handlingsplanen. Mellom anna er det viktig at planlagt innføring av nye digitale system og bruk av barnevernfagleg kvalitetssystem vert iverksett og implementert. Bergen kommune har også gjennomført eit omfattande fosterheimsprosjekt saman med Alver og Askøy som vil krevje vidare arbeid med implementering. Barnevernet sine tilsette deltek også på Tjenestestøtteprogrammet⁴, som skal heve barnevernet sin kompetanse og bidra til utvikling av betre tenester.

³ [Lov om barnevern \(barnevernsloven\) - Kapittel 16. Statlig barnevernsmyndighet - Lovdata](#)

⁴ [Tjenestestøtteprogrammet](#) er ein del av Barne- og familiedepartementet sin strategiplan 2018-2024 «Mer kunnskap – bedre barnevern» og skal bidra til auka kompetanse, og forbetra og systematisert praksis.



3. GODT BARNEVERN

3. GODT BARNEVERN

Hjelp som barnevernet gjev til barn, unge og deira familiar skal vere av god og forsvarleg kvalitet. Dette kapitlet gjer greie for kva som ligg i omgrepet «godt barnevern» med utgangspunkt i lovverk og kvalitetsindikatorar for god barnevernfagleg praksis.

3.1 Barnevernet sitt mandat og verdigrunnlag

Barnevernet sitt mandat fylgjer av lova sin formålsparagraf:

§ 1-1.Lova sitt føremål

Lova skal sikre at barn og unge som lev under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp, omsorg og vern til rett tid. Lova skal bidra til at barn og unge møtast med tryggleik, kjærleik og forståing.

Lova skal syte for at barn under 18 år og inntil dei har fylt 25 år, får trygge oppvekstvilkår og levevilkår. Lova gjeld uavhengig av om barn og familie har norsk statsborgarskap, er flyktning, asylsøkjjar, om barnet er busett i Noreg eller oppheld seg her. Uavhengig av status gjev lova barnet rett til hjelp, omsorg og vern.

Den nye barnevernlova styrkar barn sin rett til medverknad i alle tilhøve som vedkjem barnet. Barnet skal bli lytta til, og barnet sine synspunkt skal leggjast vekt på. Tenester og tiltak skal vere forsvarlege. Det betyr mellom anna at barneverntenesta har plikt til å utøve sitt arbeid med respekt for, og så langt som mogeleg i samarbeid med, barnet og barnet sin familie. Hovudregelen er at barneverntenesta verkar med samtykke frå føresette. Slik sikrar barneverntenesta best ei heilskapleg og koordinert oppfølging av utsette barn.

Verdigrunnlag

Barnevernlova sin formålsparagraf, saman med Barnekonvensjonen , også omtala som barna si eiga grunnlov, dannar verdigrunnlaget til barneverntenesta i Bergen (11).

Barn, unge og deira familiar skal treffe eit kompetent, opent, og påliteleg barnevern i Bergen kommune. Barneverntenesta skal vere ei trygg og god hjelpeteneste som arbeider for at dei barna som treng hjelp får det, i samarbeid med familien i barnet sitt nærmiljø og kulturelle kontekst.

Barnekonvensjonen gjev alle barn og unge rett til liv og helse, skulegang og utvikling, omsorg og vern, deltaking og innflyting. Barnevernet i Bergen kommune skal arbeide slik at rettane til barn og unge vert oppfylt samstundes som dei syter for at føresette sine rettar er oppfylt.

Barneverntenesta skal utarbeide alle tiltak i samarbeid med barn, unge og føresette, og skal ivareta retten til medverknad. Barneverntenesta skal samarbeide systematisk med kompetansesentera og brukarorganisasjonar som bidrar til tenesteutvikling og læring.

Framtidsbiletet som er skissert i barnevernreform og nasjonale føringar er at sjølv om fleire skal få hjelp utanfor barnevernet, må barnevernet vidareutvikle seg for å ivareta familiar med komplekse utfordringar som krev spesialisert hjelp. Barnevernet må kunne ivareta behovet for å vere ei tilgjengeleg teneste som bidrar i førebyggjande arbeid, samstundes som tilsette har spesiell kompetanse og riktige tiltak for å handtere ei sårbar målgruppe med stort hjelpebehov. Dette krev både samarbeidskompetanse, fagleg kompetanse og gode rammer for tenesteutøving. Barn og unge som er i kontakt med barnevernet vil også vere barn og

3. GODT BARNEVERN

unge som er i barnehagar, skular og i andre tenester – difor er det ei viktig satsing å auke det tverrfaglege samarbeidet og samordninga av kommunen sine tenester.

3.2 Kvalitetsindikatorar på god barnevernfagleg praksis

God barnevernfagleg praksis kan ikkje lesast berre ut frå statistikk. Kjente indikatorar er fristbrot på meldingar og undersøkingar, tiltaksplan og evalueringar og tilsyn. Dette kan gje god innsikt, samstundes seier dei lite om innhaldet i arbeidet. God barnevernfagleg praksis betyr at barn, unge og føresette har medverka, dei har fått god og tilpassa informasjon, og tiltaka som er iverksett er fundert på gode kartleggingar. I tillegg vurderer ein om tiltaka verkar, vert justert etter behov og om barn og unge får betre omsorgsvilkår.

Forsvarleg praksis og kvalitetsmål

Alt barnevernarbeid skal vere forsvarleg⁵. Krav om forsvarleg praksis betyr at tenestene må halde tilfredsstillande kvalitet, at hjelp må verte gitt til rett tid og ha eit tilstrekkeleg omfang. Tilstrekkeleg omfang betyr at undersøkingar og oppfølging ikkje skal vere mindre eller større enn behovet tilseier. Barnevernet skal yte god hjelp, som byggjer på oppdatert kunnskap og samfunnsetiske normer. Kravet om forsvarlege tenester byggjer på god barnevernfagleg praksis, og vil endre seg i takt med utvikling av ny kunnskap. Utøving av god barnevernfagleg praksis handlar om kompetanse, eigenskapar og erfaring. Bufdir⁶ har lagt til grunn kvalitetsmål som er internasjonalt og nasjonalt⁷ forankra for å gje ei føring på kva som kjenneteiknar kvalitet i barnevernet. Desse er:

- Barn og familiar skal få hjelp som verkar
- Barn og familiar skal møte trygge tenester
- Barn og familiar skal bli involvert og ha innflyting
- Barn og familiar skal møte tenester som er samordna og prega av kontinuitet
- Barnevernet sine ressursar skal utnyttast godt
- Barnevernet skal syte for likeverdige tenester

Barn og familiar skal få hjelp som verkar

Barnevernet i Bergen skal gje hjelp som verkar og som fører til positive endringar i barnet sitt liv. Dette krev at tenestene og kontaktpersonar rundt barnet har:

- 1) kartleggingar som gir god kunnskap om barnet og situasjonen som barnet og familien lev i.
- 2) et raust og romsleg tiltaksapparat som møter behova.

Sjølv om alle situasjonar er unike, er det ei hovudvekt av familiar i kontakt med barnevernet som lev med dårleg økonomi, lite nettverk og har lågare utdanning enn snittet. Mange av familiane lev under fattigdomsgrensa, og barn med innvandrarbakgrunn er overrepresentert som mottakarar av tiltak i barnevernet (12). Familiar som allereie har ein utfordrande situasjon har høgare risiko for å få ytterlegare belastningar. Utfordringane heng ofte saman, og forsterkar kvarandre. Statistikk viser at barn og unge i barnevernet scorar lågt på gjennomføring av utdanning. Foreldra scorar også høgt på låg utdanning og høgt på omfattande kontakt med helsevesenet. Kunnskap om utfordringar, belastningar og ressursar

⁵ [Lovheimel om forsvarlege tenester](#)

⁶ Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

⁷ WHO og Helse – og omsorgsdepartementet

3. GODT BARNEVERN

for barn og familien rundt barnet har betydning. For å avhjelpe ein vanskeleg omsorgssituasjon krevst det at barnevernet også adresserer det totale utfordringsbiletet som familien har.

Nasjonale føringar tilseier at barnevernet må sjå på nye måtar å organisere arbeidet sitt. Nye måtar å organisera arbeidet på skal vurderast for både undersøking, oppfølgingsarbeid og tiltaksarbeid. Barnevernet har behov for å ta i bruk fleire tiltak som er kunnskapsbaserte og har støtte i forskning. Dette gjeld særskilt for dei gruppene som har behov for spesialisert, intensiv og omfattande hjelp. Barnevernet må ha tilgang på spesialiserte tiltak for barn og unge i høgrisiko, samstundes som barnevernet også må ha tilgang på tiltak som kan setjast saman for å passe det einskilde barn.

Det er ikkje ynskjeleg at barnevernet si liste med tiltak er snever (13). Det kan skape situasjonar der barn og unge fell mellom ulike tiltak som ikkje famnar om deira særskilde behov. Det er difor viktig å ivareta heilskapsperspektivet uavhengig av kvar i tenesteforløpet barnet finn seg. Kunnskapsbaserte tiltak er standard for hjelpa barneverntenesta skal tilby. Samstundes har barna også rett på å få oppfølging som er skreddarsydd deira individuelle behov. Tiltaka må kunne tilpassast det einskilde barn og deira familie. Det betyr at barneverntenesta må kunne vurdere alternative tiltak også når dei ikkje har vore forska på, om dette er mest i tråd med barnet og familien sine ynskjer og behov. Barnevernet skal også mobilisere nettverket kring barnet og sjå etter gode løysingar. Til dømes ved å auke barnet si deltaking i nærmiljø, fritid, barnehage og skule, legg barnevernet til rette for at barnet meistar og får styrka si utvikling.

Barn og familiar skal møte trygge tenester

Barnevernet i Bergen leverer forsvarlege tenester i tråd med mandat og verdigrunnlag. Dette krev at tenestene og kontaktpersonane rundt barnet:

- 1) legg juridiske og faglege vurderingar til grunn før avgjersle om val av tiltak
- 2) er bevisst maktforholdet mellom tenesteutøvar og tenestemottakarar
- 3) tek omsyn til barnekonvensjonen og menneskerettar i alle vurderingar

Rettstryggleiken er styrka gjennom nytt lovverk, og framleis arbeider ein nasjonalt med nye forslag for å auke rettsforståing og praksis i barnevernet. Eit døme er *NOU 2023:7 «Trygg barndom – sikker fremtid»* (14).

Barnevernet har fleire ulike omsyn når dei yt hjelp. Hjelpa som vert gitt skal vere skånsam for føresette og familie, men den skal også ivareta barnet sine egne rettar for omsorg og vern. Verkemidla til barnevernet famnar breitt, og tiltak kan vere alt frå økonomiske ytingar til omsorgsovertakingar utan samtykke. Makta barnevernet forvaltar er knytt til all utøving av fagleg arbeid i tenestene. Sjølv om den formelle fullmakta ligg til leiar er kontaktpersonen i auga til barn og deira føresette representant for den mynda barnevernlova gjev. Alle tilsette i barneverntenesta i Bergen skal ha god forståing og respekt for det skeive maktforholdet mellom seg sjølv og dei som treng hjelp. Maktperspektivet i eit tenesteforhold skal være ein sjølvsgatt del av etisk refleksjon i alle offentlege tenester. Ut frå den mynda samfunnet har gitt barneverntenesta må maktperspektivet i særleg grad være kjent og ivaretatt i barneverntenestene, for eksempel gjennom brukarmedverknad og godt dokumenterte faglege og juridiske vurderingar.

Dom mot Noreg i Menneskerettsdomstolen i Strasbourg (EMD) og Høgsterett sine avgjersler frå 27. mars 2020 har konsekvensar for sakshandsaminga i barnevernssaker, særleg når det

3. GODT BARNEVERN

gjeld grunngjeving av vurderingar og krav til dokumentasjon i saker om adopsjon, omsorgsovertaking og samvær (15). Høgsterett presiserer mellom anna prinsipp knytt til «barnets beste». Barnet sitt krav på vern og barnet sin rett til å bevare familieband er likeverdige komponentar, og barnevernet har ei positiv plikt til arbeide for at relasjon mellom barn og familie vert halde ved lag. Dette har direkte konsekvens for utmåling og tilrettelegging av samvær mellom barn, deira føresette og pårørande. I tilfelle der barnet sitt beste ikkje er samanfallande med foreldra sine interesser, skal barnevernet vekte omsynet til barnet tyngst.

Aktivitetane i barneverntenesta rapporterast årleg i årsmeldingar og kvalitetsmelding. Rapporteringa skal vise korleis tenestene følger opp avgjersla i EMD og arbeidar i tråd med konvensjonsvernet.

Barn og familiar skal bli involvert og ha innflyting

Barnevernet i Bergen anerkjenner at barn, unge og føresette har rett på reell medverknad i avgjersler som gjeld eiga sak og eige liv.

Dette krev at tenestene og kontaktpersonane rundt barnet:

- 1) syter for at barn, unge og føresette har god og tilpassa informasjon gjennom heile saksløpet
- 2) har kunnskap og rutinar for å sette medverknad i system
- 3) har grunngjevingar som kan etterprøvast dersom tiltak er i strid med barn, unge og deira føresette sine ynskjer

Barn og unge i Bergen skal erfare at dei får medverke i prosessane dei er involvert i. Medverknad kan definerast som at barn og unge skal få moglegheit til å ytre seg og bli oppfordra til å uttrykke eigne ynskjer, idéar og kjensler. Dei skal erfare at dei vert lytta til, og at vaksne tek tankane og meiningane deira på alvor.

Juridiske krav til god skikk i barnevernstenesta er at avgjerder skal vere fundert på gode faglege vurderingar, lovkrav og etiske retningslinjer. Dei skal erfare at dei vert lytta til, og at vaksne tek tankane og meiningane deira på alvor.

Det er eit grunnleggjande krav at barn har tilgang på informasjon om livet sitt. Barn og føresette som er i kontakt med barnevernet kan føle seg utrygge og vere i krise. Utrygge rammer og oppleving av krise aukar faren for at informasjon ikkje blir forstått eller blir mistolka. Sjølv når barnevernet arbeider etter eigne mål om å vere open og dele vurderingar og informasjon kontinuerleg, er det ein risiko for rettstryggleiken om barn og familiar ikkje har ei kjensle av å vere deltakar i si eiga sak. Det er difor viktig at tilsette har gode kommunikasjonsferdigheiter. Kommunikasjonsferdigheiter er krevjande å måle, men tilbakemeldingar frå barn, unge og føresette kan seie noko om kvaliteten i samhandlinga. Det vert difor som nemnt viktig å få eit eigna tilbakemeldingssystem på plass.

Barn og familiar skal møte tenester som er samordna og prega av kontinuitet

Barnevernet har ei eiga plikt til å samarbeide og koordinere hjelpetenestene. Dette krev at tenestene og kontaktpersonane rundt barnet:

- 1) samarbeider godt med relevante samarbeidspartar på system- og individnivå
- 2) sikrar barn og unge sin rett til hjelp frå andre tenester og instansar

3. GODT BARNEVERN

Innbyggjarar i Bergen som treng hjelp frå barnevernet skal møte tilsette som har forståing for heilskapen barnet og familien står i, og ha kompetanse til å vite kva hjelp som er best for akkurat dei. Omsorgssvikt handlar ofte om foreldra sine eigne vanskar, som til dømes rus og psykisk uhelse. Det er avgjerande for barnet at foreldra får hjelp, og barnevernet er difor særleg forplikta til å setje foreldra i kontakt med relevante hjelpeinstansar og samarbeide med desse.

Tenestene skal jobbe målretta for å utforme strukturane i kommunen slik at det er flyt i tenestetilbodet. Felles forståing og mål er viktig å støtte opp om, og barnevernet har ei viktig rolle i å bidra med sin kompetanse på tvers av etatar og tenester.

Kontinuitet og kvalitet handlar om at barn, unge og føresette til ei kvar tid har nokon å halde seg til. Tenestetilbodet i barnevernet må vere organisert på ein slik måte at barn og føresette får særskilt god hjelp, samstundes som kontinuitet er sikra. Kontinuitet handlar om overgangar, og at barnevernet har ei viktig rolle i å hjelpe barn og unge over i andre tilbod ved behov, og halde tråden i deira liv ved godt samarbeid med andre. Særskilt må unge som er i etterverntiltak få god hjelp til å meistre overgangen til vaksenlivet.

Barnevernet sine ressursar skal utnyttast godt

Barnevernet sine økonomiske rammer og tilsette sin kompetanse skal organiserast slik at det kjem barna til gode. Dette krev at tenestene:

- 1) gjev riktig hjelp til riktig tid for å sikre god ressursutnytting og berekraftige tenester
- 2) har rammer som bidrar til at tilsette sin kompetanse vert nytta fullt ut

Det fylgjer av barnevernreforma at barn, unge og deira familiar som treng hjelp frå kommunale tenester i hovudsak skal få hjelp utanfor barnevernet. Når dei først kjem i kontakt med barnevernet er det fordi dei har utfordringar som andre tenester ikkje har kompetanse, tiltak og mandat til å hjelpe dei med. Barneverntiltak er såleis ikkje å forstå som tidleg innsats.

Samstundes har barnevernet eit særskilt ansvar for å førebygge. Førebygging betyr då at vanskar barna har når dei kjem i kontakt ikkje utviklar seg vidare til å verte så omfattande at barnet ikkje lenger kan bu heime, eller at barnet treng meir omfattande hjelp enn naudsynt. Eit ope og tilgjengeleg barnevern vil bidra til at samarbeidsinstansar og andre aktørar vil få betre forståing for barnevernet sine moglegheiter og mandat, og kan bidra til at barn og unge får hjelp på eit tidleg tidspunkt. Barnevernet i Bergen treng difor rammer til å delta på arenaer der barn og unge er, for å vere tilgjengelege og synlege for barn, unge og samarbeidspartar.

Å jobbe i barnevernet er både ei givande og ei krevjande oppgåve. Tilsette skal møte barn, og føresette i krevjande situasjonar og gje dei omsorg, vern og forståing. Som arbeidsgjevar skal ein sikre at tilsette får støtte til å stå i krevjande situasjonar, og har tilstrekkeleg opplæring til å ivareta oppgåvene sine. Tilsette er tenestene sin viktigaste ressurs, og det er avgjerande for barnevernet i Bergen kommune at tenestene rekrutterer og held på kompetente tilsette og leiarar. Kommunen skal legge til rette for at barnevernet er ein attraktiv arbeidsstad der medarbeidarar får utvikle og utfolde seg. Tilsette må ha god balanse mellom arbeidstid og fritid, og oppleve medverknad på jobb.

Barnevernet skal syte for likeverdige tenester

Alle barn, unge og føresette som er i kontakt med barnevernet skal ha tilgang på like tenester og kvalitet. Dette krev at tenestene og kontaktpersonane rundt barnet:

3. GODT BARNEVERN

- 1) gjev alle same tilgang på individuell tilpassa hjelp uavhengig av bustadadresse, sosial tilhøyrslø, etnisk bakgrunn, språk, livssyn, opphaldsstatus, funksjonsevne eller seksuell orientering.
- 2) er tilgjengelege.

Barnevernet skal vere objektive, og gje alle ei skånsam og respektfull hjelp. Barnevernet møter mange ulike barn og foreldre, og skal utvide sin kunnskap kontinuerleg om til dømes minoritetar, seksuell helse, kultur og funksjonsevne. Dette gjer ein mellom anna ved å samarbeide med ulike brukarorganisasjonar, kompetansesenter og private/ideelle organisasjonar. Barnevernet sikrar likeverdige tenester uavhengig av lokalisering, ut frå målet om å vere tilgjengelege og møte barn og unge der dei er. Barnevernet legg til rette for felles forståing ved bruk av tolk ved behov, og kompetansehevande tiltak for tilsette. Alle barn, unge og føresette skal vere trygge på at dei får eit likeverdig tilbod og tilgang på dei hjelpeforløpa som dei har behov for uansett bakgrunn og fungering.



4. TILTAK

4. TILTAK

Mål og strategiar er utarbeida i *Strategi for oppvekst*. Tiltaka som vert presentert under skal saman med allereie iverksette tiltak i kommunalt barnevern og i oppvekstfeltet, støtte opp under *Strategi for oppvekst* og den nasjonale barnevernreforma. Tiltaka kan vere aktuelle for fleire av måla sjølv om dei står sortert under eit av dei.

Tiltaka er knytt til dei fire måla i Strategi for oppvekst og må sjåast i samanheng med det utfordringsbiletet som er omtalt lokalt og gjennom nasjonale rapportar og innsikt. Alle tiltak har forklarande tekst.

Fleire av tiltaka krev omdisponeringar og nye prioriteringar innanfor budsjettrammene. Andre tiltak er meir omfattande og vil krevje organisatoriske grep eller auka løyvingar for å kunne iverksetjast. Fleire av tiltaka som vert føreslått i planen vil krevje ytterlegare kartlegging og planlegging før dei kan gjennomførast. Planen kan tilpassast utvikling og bygge på den mest oppdaterte kunnskapen som føreligg til ei kvar tid.

Dei tilsette er kommunen sin viktigaste ressurs når det gjeld å gje gode tenester til våre innbyggjarar. For at tiltaka skal lukkast, er det ein føresetnad at planlegging og gjennomføring vert gjort med systematisk medverknad frå dei tilsette, og at ein gir god informasjon og opplæring der det er behov for det.

Under ligg også liste over dei tiltak i handlingsplanen *Se meg, hør oss!* som også omfattar barnevernet. Deretter kjem oversikt over kostnader og ansvar for tiltaka i handlingsplan for barnevernet.

Den samla kostnaden for tiltaka presentert i Handlingsplan for barnevernet er rekna til å vere 17,6 millionar kroner.

Mål 1: Barn og unge opplev inkludering, trivsel og meistring i oppveksten

Tiltak 1. Barnevernet deler informasjon om tenesta

Barnevernet skal vere ei opa og kjent teneste. Det vert sendt ut nyheitsbrev med informasjon om aktuelle hendingar og pågåande innsats i barnevernet til samarbeidspartar som NAV, krisesenter, skule og barnehagar, relevante ideelle organisasjonar, eksterne etatar og aktuelle kompetansesenter. Informasjon om barneverntenesta skal også vere synleg i Bergen kommune sine informasjonskanalar. Tiltaket må sjåast i samanheng med tiltak 7 i *Se meg, hør oss!*

Tiltak 2. Tilsette i barnevernet skal delta systematisk i tverrfagleg samarbeid på ulike arenaer og ulike måtar.

Barnevernet har ein kompetanse som er viktig for at barn og unge får ein god oppvekst. Sjølv om barnevernet i hovudsak skal bruke sine ressursar til familiar med stort hjelpebehov, er det ein ambisjon at barnevernet skal vere meir synlege og tilgjengelege for barn, unge, føresette og samarbeidspartar. Om barnevernreforma skal lukkast, må barnevernet ha kapasitet til å prioritere å delta i tverrfaglege nettverk og vere aktive i å samskape og vidareutvikle samarbeidet. Barnevernet skal også prioritere å delta på arenaer der barn, unge og føresette er. Tiltaket handlar om å øymerke ressursar for å skape kapasitet til dette arbeidet. Kommunen understrekar med dette at barnevernet har ei viktig rolle i førebyggjande og tverrfagleg arbeid.

Tiltak 3. Utreie behov for eit erfaringsforum for foreldre som har vore i kontakt med barnevernet i Bergen.

Det er viktig for barnevernet å få tilbakemeldingar. Foreldre som har vore i kontakt med barnevernet i Bergen vert invitert inn i eit felles erfaringsforum for barnevernkontora. Det setjast av 50% stilling til å vere «Foreldrekontakt». «Foreldrekontakt» har ansvar for å fylgje opp deltakarane i erfaringsforumet. Ambisjonen for tiltaket er at samarbeid med foreldre skal føre til betre kvalitet i alle ledd og bidra til at barnevernet i Bergen sikrar medverknad i tenesteutvikling

Mål 2: Barn, unge og familiar får hjelp som nyttar – når dei treng det

Tiltak 4. Etablere rettleiingstiltak spesielt tilpassa barn i risiko for plassering.

Barnevernreform og nytt lovverk tilseier at barn og unge så langt det er mogeleg skal bu heime, og få hjelp i sitt eige nærmiljø. Bergen kommune må arbeide for å kunne ivareta oppgåver som i dag leverast av Bufetat og/eller private leverandørar. Dette betyr at Bergen må investere i tiltak som hindrar omsorgsovertakingar. Tiltaket skal etablerast som pilot.

Tiltaket må sjåast i samanheng med tilbod kommunen allereie har, eksempelvis akutt familieteam og FactUng.

Tiltak 5. Innføre modellen «Dialogprosess» som pilot.

Barnevernet i Bergen skal prøve ut ein metode som gjev føresette og barn tilgang på juridisk hjelp når saka er så alvorleg at den kan gå til nemnd- og domstolsapparatet. Metoden heiter «Dialogprosess»⁸, og bidrar til dialog, kontradiksjon og medverknad. Metoden er utvikla av Karmøy kommune, og innførast i fleire kommunar til dømes. Stavanger og bydel Gamle Oslo. Gevinstar knytt til medverknad, samarbeid og færre saker for nemndsapparat gjer at metoden kan vere verdt å prøve ut i Bergen. Det er moglegheiter for å delta i forskning ved å ta i bruk modellen. Vidare er det gevinstar knytt til effekten bruk av modellen har på både dokumentasjon og kontaktpersonar si kjensle av å ikkje stå åleine i vanskelege samtalar. Innføring av modellen skjer som pilot i eit byområde. Tiltaket skal evaluerast og justerast før implementering i dei andre byområda⁹.

Tiltak 6. Tilsette to barne- og ungdomskontaktar med eigenerfaring i barnevernet i kvart byområde.

Etat for barn og familie har tradisjon for å samarbeide med ulike aktørar innan barnevernfeltet med brukarperspektiv.

Det er kome fleire nye lovbestemmingar som rettighetsfestar barn sin medverknad, og ei fornya merksemd på FN's barnekonvensjon og kva den har å sei for utvikling av tenester for barn. Barne- og ungdomskontakt med eigenerfaring (erfaringskonsulentar) skal ha som mandat å innhente tilbakemeldingar frå barn og unge, og å gje råd til tilsette i barneverntenesta. Stillingane skal og fungere som eit lågterskel ombod inn mot tenesta. Ved å tilsetje erfaringskonsulentar vil barneverntenestene få tilgang til brukarkompetanse på eit nærare nivå. Det må vurderast korleis erfaringskonsulentane skal ivaretakast og korleis samarbeidet mellom erfaringskonsulentane skal vere i andre delar av tenestene.

⁸ [Barnevernsleder gir foreldre advokat før de har krav på det | Fontene.no](https://fontene.no)

⁹ Fire byområde; Bergenhus/Årstad, Fana/Ytrebygda, Laksevåg/Fyllingsdalen og Arna/Åsane.

Tiltak 7. Utarbeide ein standard for kva barn, unge og føresette kan forvente av barnevernet og deira samarbeid med andre tenester

Barnevernet skal utarbeide eit standard for samhandling med barn, unge og deira føresette. Standarden må innehalde informasjon om kva rettar barn, unge og føresette har i møte med barnevernet, kva oppfølginga kan innehalde og korleis barnevernet ynskjer å gje hjelpa på best mogeleg måte. I tillegg må barnevernet gje tydeleg informasjon om korleis samhandlinga med andre tenester skal føregå. Dette må sjåast i samanheng med tiltak 13 i *Se meg, hør oss!*, der ein skal sjå på korleis samarbeid mellom tenester skal vere, som t.d. Oslostandard.

Mål 3: Laget rundt barn, unge og deira familiar er styrka

Tiltak 8: Evaluere og vidareutvikle strukturar for organisering av arbeidet i barnevernet

Strukturane i tenestene må vere slik at tilsette får nytta kompetanse på ein måte som fører til målretta hjelp. Arbeidsplassen skal vere ein arena for både godt fagleg arbeid og læring, samt at hjelp vert gitt meir effektivt. Ambisjonen er å spesialisere avdelingane ved kvart kontor i byområda . Ein må sjå på korleis strukturane kan leggjast til rette for at tilsette får mindre spenn i oppgåver, slik at kompetanse kan spissast. Dette kan gje fleire kvalitative gevinstar, 1) barn og unge får tidlegare og meir målretta hjelp, 2) tilsette får mengdetrening og spesialisering på relevante områder, 3) tilsette får betre erfaringsutveksling og dermed intern kompetanseheving, 4) leiar kan planlegge og styre kompetanseutviklinga i avdelinga betre, 5) betre tverrfaglege samarbeidsrelasjonar då tilsette får færre samarbeidsflater å halde seg til. I arbeidet med å vidareutvikle strukturane skal det takast hensyn til behovet for samanhengande tenester og god flyt for dei som er i kontakt med barnevernet.

Tiltak 9. Sikre kapasitet og kontinuitet i krevjande saker.

Det er eit mål at kontaktpersonar skal samarbeide om krevjande saker, i saker som er utfordrande og komplekse. Det skal som hovudregel settast to kontaktpersonar i slike saker, særleg viktig i undersøkingssaker. Dette kan bidra til betre kontinuitet for barna og familiane det gjeld, samt å auke kvalitet og rettstryggleik ved at to deltar med sin kompetanse og kontroll. Tiltaket vil også føre til at medarbeidarar kjenner seg tryggare i utøvinga av arbeidsoppgåvene, og har nokon å drøfte med.

Tiltak 10. Styrke fosterheimsomsorga

Barn og unge som får omsorg av andre enn sine foreldre, er eit særleg ansvar for kommunen. Kommunen må ha tilgang på fosterheimar av god kvalitet. Fosterforeldre må ha ei oppfølging som set dei i stand til å ivareta oppdraget sitt på ein måte som er god for

4. TILTAK

alle parter. I tillegg må barnevernet sikre at barn og unge som kommunen har omsorgsansvar for får den hjelpa dei har rett på frå både barnevernet og andre instansar. Det vert iverksett ei kartlegging av kommunen sitt fosterheimsarbeid med sikte på å avdekke forbettringspotensial i kommunen si fosterheimsomsorg, og vurdere tiltak for å betre denne. I samband med kartlegginga vert det gjennomført ei spørjeundersøking der fosterforeldre får høve til å gje innspel.

Tiltak 11. Sikre at pågåande utviklingsprosjekt vert evaluert og implementert

Barnevernet i Bergen har fleire store pågåande utviklingsprosjekt som skal bidra til betre tenestene. Prosjekta bidrar både til at tilsette får en ein betre arbeidskvardag, og at brukarar får betre tenester. Døme er innføring av Bergens Digitale Barnevern, Tenestestøtteprogrammet og fosterheimsarbeidet *Sammen om å støtte barns utvikling i fosterhjem*.

Mål 4: Laget rundt barnet tek utgangspunkt i felles kunnskapsgrunnlag for oppveksten når satsingsområder skal prioriterast

Tiltak 12. Invitere omeignskommunar til samarbeid om utvikling av felles tiltak etter lov om barnevern

Som storbykommune ynskjer Bergen å initiere eit breidt samarbeid med omeignskommunar. I særleg grad vil dette kunne bidra til å sikre tiltaksalternativ i barnevernet. Kommunane kan utvikle tiltak og sikre lik tilgang til desse. På denne måten sikrar ein også erfarings- og kompetansedeling.

Tiltak 13. Invitere Bufetat Vest og Statsforvaltar til jamlege møter om utvikling i kommunalt og statleg barnevern.

Statsforvaltar og Bufetat er båe viktige samarbeidspartar for kommunen. Det er viktig med gjensidig informasjonsutveksling og drøfting for å samordne og utvikle tenestene i stat og kommune.

Barn og unge som treng spesialisert oppfølging skal i hovudsak få det i sitt nærområde. I tillegg skal tilbodet passe barnet sine behov for behandling og omsorg. Byrådsavdeling og Etat for barn og familie skal ha oversikt over etterspørsel og tilbod, og inngå eit systematisk samarbeid med Bufetat om dette.

Tiltak 14. Invitere spesialisthelsetenester innan psykisk helse og rus og Bufetat Vest til eit systematisk utviklingsarbeid

Mange barn og unge som får tiltak frå barnevernet har behov for behandling i spesialisthelsetenestene. Nokre av desse har også behov for omsorgstilbod utanfor heimen. Det er hol i spesialisthelsa sitt tilbod om avrusing, rusbehandling og psykisk

4. TILTAK

helsehjelp. Bergen kommune vil opprette ein samarbeidsarena mellom spesialisthelsetenesta ved psykisk helse og rus og statleg barnevern med mål om å utvikle tiltak i grensesnitt mellom behandling og omsorg. Tilbodet må bygge på felles forståing om hjelp nær heimen til det beste for barna.

Tiltak 15. Profilere barneverntenesta for unge i forkant av yrkesval

Barneverntenesta skal ha tilgang på kompetanse, også på sikt. Elevar i vidaregåande skule gjer val som påverkar deira vidare utdanningsløp. Kommunen vil oppmode fleire til å vurdere å kvalifisere seg til arbeid i offentlege velferdstenester, også barnevern.

Samstundes veit ein at arbeid i barneverntenesta, kva det inneber og mogleg karriereveg er mindre kjent enn innan helse. Etat for barn og familie får oppdrag om å lage ei årleg kampanje for å auke unge si interesse for barneverntenesta som framtidig arbeidsplass, ved å lage og distribuere innslag om barnevernet i Bergen, verksemd og mogleg karriereveg.

4.1 Felles tiltak med handlingsplan for tenester til barn, unge og deira familiar

Barnevernet er også omfatta av tiltak vedtatt i handlingsplan for tenester til barn, unge og deira familiar. Dette gjennom tiltak som vedkjem tilsette og tenesteutvikling – men også gjennom at barn i kontakt med barnevernet får betre tilbod i kommunen gjennom samordning og samarbeid. I tabellen nedanfor vert det synt til tiltak som gjeld barnevernet direkte i form av tenesteutvikling. For nærare beskriving av tiltaka og grunnlaget vert det vist til handlingsplanen for tenester til barn, unge og deira familiar.

Mål 1: Barn og unge opplev inkludering, trivsel og meistring i oppveksten

- 1) Det skal gjennomførast barns-beste-vurdering¹⁰ i alle saker der barn og unge er berørt
- 3) Utreie og ta i bruk verktøy som styrker oppdaging av ressursar og belastningar i familien
- 5) Sikre miljøarbeidarar/miljørettileiarar i barnehagar og skular
- 6) Ta i bruk digitale verktøy som barn, unge og foreldre kan bruke til å rapportere eigenoppleving med tilbodet dei får
- 7) Vidareutvikle digitalt informasjonsarbeid til barn og unge

Mål 2: Barn, unge og familiar får hjelp som nyttar – når dei treng det

- 10) Auke kapasitet ved tverrfaglege samhandlingsteam for drøfting av individuelle saker i byområda
- 11) Evaluere og vidareutvikle kommunen sitt tilbod for barn og unge innan helse og barnevern

¹⁰ [Hvordan vurdere barnets beste på systemnivå – steg for steg – Barneombudet](#)

4. TILTAK

Hovudmål 3: Laget rundt barn, unge og deira familiar er styrka
13) Utgreie og ta i bruk samarbeidsmodellar i oppveksttenestene som gjev barn, unge og deira familiar oversikt over tenestene, inkludert roller og kven som gjer kva 15) Gjennomføre felles kompetanseutvikling i tenestene for å styrke laget rundt barn og unge 16) Tilsette i oppveksttenestene skal styrke sin kompetanse på barn sine rettar 17) Ulike innsatsteam og tiltaksavdelingar i oppveksttenestene skal kartleggast og vurderast med tanke på optimalisering av kompetanse, ressursar og tilgang for barn, unge og deira familiar
Mål 4: Laget rundt barnet tek utgangspunkt i felles kunnskapsgrunnlag for oppveksten når satsingsområder skal prioriterast
19) Utgreie felles kommunalt kunnskapssenter for oppveksttenestene 20) Involvere og samarbeide med regionale kunnskaps- og kompetansesenter i utvikling, opplæring og implementering av tiltak i oppveksttenestene 21) Kommunen opprettar ei offentleg PhD i oppveksttenestene 22) Det skal arrangerast ein årleg konferanse for tilsette i oppveksttenestene 23) Styrke samarbeid med utdanningsinstitusjonane for å sikre praksisnær kvalitet i utdanningane og for å sikre rekruttering

4. TILTAK

4.2 Oversikt over tiltak – kostnader og ansvar – handlingsplan for barnevernet

Nr.	Forslag til tiltak	Ansvarleg byrådsavdeling	Kostnader mill. kr	Eingangs-kostnad eller varig	Handlings- og økonomiplan
MÅL 1. Barn og unge opplev inkludering, trivsel og meistring i oppveksten					
1	Barnevernet deler informasjon om tenesta	Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tjenester	-	-	Kan finansierast innan vedtatt budsjetttramme
2	Tilsette i barnevernet skal delta systematisk i tverrfagleg samarbeid på ulike arenaer og ulike måtar.	Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tjenester	4,0 mill. 1 ny stilling pr. kontor i byområda	Varig	Utanfor budsjetttramme, må vurderast i forbindelse rullering av Handlings- og økonomiplan (HØP) eller søkast eksternt finansiert.
3	Utgjeie behov for eit erfaringsforum for foreldre som har vore i kontakt med barnevernet i Bergen.	Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tjenester	0,5 mill	varig	Utanfor budsjetttramme, må vurderast i forbindelse rullering av HØP eller søkast eksternt finansiert.
MÅL 2. Barn, unge og familiar får hjelp som nyttar – når dei treng det					
4	Etablere rettleiingstiltak spesielt tilpassa barn i risiko for plassering.	Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tjenester	6,1 mill	Varig	Utanfor budsjetttramme, må vurderast i forbindelse rullering av HØP eller søkast eksternt finansiert.
5	Innføre modellen «Dialogprosess» som pilot	Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tjenester	3-årig utprøving i eitt byområde – 1 mill. pr år	Eingangs-beløp over tre år	Utanfor budsjetttramme, må vurderast i forbindelse rullering av HØP eller søkast eksternt finansiert.
6	Tilsette to barne- og ungdomskontaktar i kvart kontor	Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tjenester	6,0 mill.	Varig	Utanfor budsjetttramme, må vurderast i forbindelse rullering av HØP eller søkast eksternt finansiert.
7	Utarbeide ein standard for kva barn, unge og føresette kan forvente av barnevernet og	Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tjenester	-	-	Kan finansierast innan vedtatt budsjetttramme

4. TILTAK

Nr.	Forslag til tiltak	Ansvarleg byrådsavdeling	Kostnadar mill. kr	Eingangs-kostnad eller varig	Handlings- og økonomiplan
	deira samarbeid med andre tenester				
MÅL 3: Laget rundt barn, unge og deira familiar er styrka					
8	Evaluerer og vidareutvikle strukturar for organisering av arbeidet i barnevernet	Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tenester	-	-	Kan finansierast innan vedtatt budsjettramme
9	Sikre kapasitet og kontinuitet i krevjande saker	Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tenester	-	-	Kan finansierast innan vedtatt budsjettramme
10	Styrke fosterheimsomsorga	Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tenester	-	-	Kan finansierast innan vedtatt budsjettramme
11	Sikre at pågåande utviklingsprosjekt vert implementert	Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tenester	-	-	Kan finansierast innan vedtatt budsjettramme.
Mål 4: Laget rundt barnet tek utgangspunkt i felles kunnskapsgrunnlag for oppveksten når satsingsområder skal prioriterast					
12	Invitere omeignskommunar til samarbeid om utvikling av felles tiltak etter lov om barnevern.	Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tenester	-	-	Kan finansierast innan vedtatt budsjettramme
13	Invitere Bufetat Vest og Statsforvaltar til jamlege møter om utvikling i kommunalt og statleg barnevern.	Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tenester	-	-	Kan finansierast innan vedtatt budsjettramme
14	Invitere Bufetat Vest og spesialisthelsetenester innanfor psykisk helse og rus til eit systematisk utviklingsarbeid	Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tenester	-	-	Kan finansierast innan vedtatt budsjettramme
15	Profilere barneverntenesta for unge i forkant av yrkesval	Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tenester	-	-	Kan finansierast innan vedtatt budsjettramme
SUM TILTAK			17,6 millionar pr. år		

5. Litteraturliste

1. Byrådet i Bergen. Bergen 2030 - Kommuneplanens samfunnsdel [Internett]. Bergen kommune; 2023. Tilgjengelig på: [Bergen kommune - Kommuneplanens samfunnsdel](#)
2. Bergen kommune. Bergens barn - byens fremtid [Internett]. Bergen kommune; 2016. Tilgjengelig på: [Bergen kommune - Bergens barn - byens fremtid](#)
3. Bufdir. Barnevernsreformen - en oppvekstreform. 2023. Barnevernsreformen. Tilgjengelig på: <https://www.bufdir.no/fagstotte/barnevern-oppvekst/barnevernsreformen/hva-er-barnevernsreformen/>
4. Barnevernsloven. Lov om barnevern [Internett]. LOV-2021-06-18-97 2021. Tilgjengelig på: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97>
5. Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tjenester. Oppfølging av rapport etter forvaltningsrevisjon av barneverntjenesten - Mai 2023 [Internett]. Bergen kommune; 2023. Tilgjengelig på: <https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/bk360/8093507/Oppfolging-av-rapport-etter-forvaltningsrevisjon-av-barneverntjenesten-Mai-2023>
6. Fjeld R, Sasaoka K, Madland S, Skivenes M, Øvreeide H, Ordermann H. Det kan høres ut som en bagatell, men ikke for meg da. Gjennomgang av ti særlige konfliktfylte barnevernssaker i Bergen kommune. Bergen Kommune [Internett]. 2020; Tilgjengelig på: <https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/bk360/3373651/Barnevernsrapport-Fjeld-utvalget>
7. Deloitte. Forvaltningsrevisjon | Bergen kommune Barneverntjenesten [Internett]. 2022. Tilgjengelig på: <https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/bk360/5666613/Forvaltningsrevisjon-av-barneverntjenesten-i-Bergen-kommune-endelig-rapport-pdf>
8. Bufdir og Helsedirektoratet. Barnevern – kartlegging og utredning av psykisk, somatisk og seksuell helse, tannhelse og rus. 2023. Nasjonalt forløp for kartlegging og utredning av psykisk, somatisk og seksuell helse, tannhelse og rus.
9. Bufdir. Turnover blant ansatte i barnevernet – hvorfor slutter så mange? En nasjonal omfangsundersøkelse av årsaker og kjennetegn ved tjenester og institusjoner med høy turnover. [Internett]. Barne-, ungdoms-, og familiedirektoratet; 2022. Tilgjengelig på: https://www2.bufdir.no/globalassets/global/nbbf/barnevern/turnover_blandt_ansatte_i_barnevernet_hvorfor_slutter_sa_mange_en_nasjonal_omfangsundersokelse.pdf
10. Byrådsavdeling for barnevern og sosiale tjenester. Kvalitetsmelding for barnevernet i Bergen 2022 [Internett]. Bergen kommune; 2023. Tilgjengelig på: <https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/bk360/8039814/Bergen-kommune-Barnevern-Kvalitetsmelding-2022>
11. Barne- og familiedepartementet. FNs konvensjon om barnets rettigheter [Internett]. 1991. Tilgjengelig på: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf

5. LITTERATURLISTE

12. Bufdir. bufdir.no. 2022. Barnevernstiltak til barn med innvandrerbakgrunn. Tilgjengelig på: <https://www.bufdir.no/statistikk-og-analyse/barnevern/barnevernstiltak-til-barn-med-innvandrerbakgrunn>
13. Bufdir. Tjenestekatalog. Hjelpetiltak [Internett]. Barne-, ungdoms-, og familiedirektoratet; 2021. Tilgjengelig på: https://www2.bufdir.no/globalassets/global/nbbf/bufdir/tjenestekatalog_hjelpetiltak_revidert.pdf
14. NOU 2023:7. Trygg barndom, sikker fremtid Gjennomgang av rettssikkerheten for barn og foreldre i barnevernet [Internett]. Barne- og familiedepartementet; 2023. Tilgjengelig på: <https://www.regjeringen.no/contentassets/a1eb3f73d3d94fa6b146dbd08f8a4253/no/pdfs/nou202320230007000dddpdfs.pdf>
15. Barne- og familiedepartementet. Informasjonsskriv om behandlingen av barnevernssaker - nye avgjørelser fra Høyesterett [Internett]. 2020. Tilgjengelig på: <https://www.regjeringen.no/contentassets/f29d37d4e9e04d8891693415c19e411c/informasjonsskriv-om-barnevernssaker---nye-retningslinjer-fra-hoyesteretts-om-saksbehandling.pdf>
16. Bufdir. Rundskriv for barnevernstjenestens saksbehandling (Saksbehandlingsrundskrivet) [Internett]. Barne-, ungdoms-, og familiedirektoratet; 2023. Report No.: 03/2023. Tilgjengelig på: https://min.retsdata.no/webfiler/rundskriv/Saksbehandlingsrundskrivet_15.%20juni%202023.pdf

